

Utdrag frå årsmøtet i Valldal Bygdekvinnelag 29.10.2024

Protokoll

Møtestad: Ungdomshuset i Fjørå

Tid: Årsmøte frå kl. 18.00, sosialt samvær med servering av rømmegrout frå kl. 17.00

Godt frammøte, 25 medlemmer var til stades.

Journalist frå SN var også til stades på årsmøtet.

Årsmøtet vart innleia av Solveig som var overvelda over så godt frammøte.

Sidan dette var siste møtet hennar som leiar var det spesielt og gledeleg at så mange var samla. Allsong vart delt ut, og forsamlinga stemte i med Marta Schumann sin «Samlesong».

Årsmøtesaker

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling vart annonsert i god tid til medlemmane gjennom epost/brev. Ingen hadde merknader.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Sak 2 Val av møteleiar

Styret hadde framlegg om Mette Natland Valdal som vart *samrøystes vald*.

Mette tok deretter over gjennomgangen av sakene.

Sak 3 Val av referent

Styret hadde framlegg om Magnhild Grønningsæter som vart *samrøystes vald*.

Sak 4 Val av 2 til å skrive under møteboka

Det kom framlegg om Vigdis Mork og Linda Myren som vart *samrøystes valde*.

Sak 5 Årsmelding inkludert undergruppene v/leiar Solveig Linge Stakkestad

Årsmeldinga vart delt ut, og leiar las gjennom den punkt for punkt.

Nokre få merknader knytt til namn og hending som er utegløynt, dette blir retta opp.

Linda har teke over ansvaret for «syng med oss» i løpet av året. I samråd med Judith og Carolin har dette fungert veldig bra, med oppsett plan over faste dagar utover sommaren og hausten.

Randi har hatt ansvaret for nyføddgaver også dette året, og det seiast at 2024 har vore eit år der mange slike gaver har blitt/blir delt ut. Gledeleg!

Judith viste korleis dokumentasjon av tekst og bilete frå heimesida no er lagra på ein ekstern harddisk i tillegg til på datamaskin. Her ligg alt lagra fom. 2016.

Elles ingen særlege tilbakemeldingar frå undergruppene.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent med dei merknader knytt til korrigeringar som vart kjent.

Sak 6 Rekneskap 2023/2024 v/kasserar Petra Jemtegård og rekneskapsførar Berit Fredriksen

Det vart ikkje delt ut eller vist eit eksakt oppsett over rekneskapet, kasserar og rekneskapsførar orienterte munnleg om økonomien i laget.

Laget har hatt gode inntekter gjennom året.

Inntekter frå olskokarrangementet 2023 er ført på noverande rekneskapsår, medan inntekter frå arrangementet i 2024 kjem på komande rekneskapsår.

Laget er takksame for minnegåver som har blitt gitt.

Inntekter frå sal av julekalender har også gitt eit verdfullt tilskot til økonomien.

Økonomien i laget synest bra, med eit overskot dette året.

Det er eigen konto for sansehagen, som gjennom året har gått med eit lite underskot.

Alt i alt har laget pengar på bok som blir plassert der det er mest gunstig mtp. renteinntekter.

Revisorane har gått gjennom rekneskapen utan merknader.

Rekneskapen for 2023/2024 vart samrøystes godkjent av årsmøtet.

Sak 7 Arbeidsplan 2024 v/Bjørge Sætren Kleppe

Utkast til halvårsplan vart delt ut. Det vart lufta eit forslag om at laget burde engasjere seg i eit bestemt prosjekt, relatert til kva eit bygdekvinnelag har som sine føremål.

Medlemmane vart oppfordra til å kome med innspel og forslag aktivitetar og melde desse inn til Bjørge. Alt dette vert jobba vidare med i styret.

Saka vart teken til orientering.

Sak 8 Budsjett v/kasserar og rekneskapsførar

Rekneskapsførar orienterte om kva dei føreset i eit førebels budsjett for komande år på. Ein auke i ugiftspostane og mindre inntekter. Styret må ta stilling til eit budsjettforslag og justere det til aktiviteten det blir lagt opp til.

Ingen merknader til dette, saka vert teken til orientering og styret følgjer opp vidare.

Sak 9 Kontingent

Saka utgår. Etter nytt landsmøtevedtak skal ikkje lokallaga behandle sak om lokallagskontingent.

Sak 10 Saker frå styret/medlemmar

Dette blir sett på i samanheng med årsplanen. Ingen saker melde inn på førehand.

Sak 11 Val

Framlegg frå valnemnda v/May Berli vart delt ut.

May orienterte om arbeidet og gjekk gjennom forslaga frå valnemnda:

Leiar:

Bjørg Sætren Kleppe 2024-2025

Styremedlemmer:

Mette Natland Valdal 2023-2025 ikkje på val

Gerd Myren Hoel 2024-2026

Magnhild Grønningsæter 2024-2026

May Vivi Berli 2024-2026

Vara:

1. vara Mette Marie Døving 2024-2025

2. vara Solveig Linge Stakkestad 2024-2025

3. vara Linda Myren 2024-2025

4. vara Eva Bergdal Muribø , attval 2024-2025

Alle undergrupper blir også valde for eitt år, 2024-2025:

Kafègruppa: Liv Eldrid Båtnes Storås, Aase Opskar, Bodil Døving,
Rigmor Vågenes, Nelly Ytterli, Solveig Linge Stakkestad

Heimesideansvarlig: Judith Krogh attval

«Syng med oss»: Linda Myren + 1 person som ansv.hjelpar
Vigdis Mork sa seg viljug til dette.

Sansehagen: Judith Krogh attval

Anne Nygård attval

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen attval

Tur/aktivitetsgruppa: Gerd Myren Hoel attval

Kristi Linge Stakkestad attval

Styret veljer ein 3. person.

Revisorar: Randi Hole Heggen attval

Anne Nygård

Valnemnda kom ikkje med forslag til ny valnemnd. May Vivi Berli går ut.

Vigdis D. Mork er vald for 2022-2025 og Sunneva Linge for 2023-2026.

Årsmøtet måtte finne ein ny person til valnemnda som skal vere til 2027.

Forslag og vedtak på Inger Gilje Sandnes som nytt medlem av valnemnda 2024-2027,

Alle val vart samrøystes vedtekne av årsmøtet slik dei låg føre.

Elles tilrår valnemnda at praksisen med støtte til eit felles måltid, som takk for innsaten, blir vidareført.

Linda Myren
sign.

Vigdis Døving Mork
sign.